RENOVEST

# Protokoll

| Organ | Møtedato | Sak nr. | Tidl. Sak | Ark. |
|---|---|---|---|---|
| Styre | | | | |
| Representantskap | 04.11.2020 | 06 – 09 / 2020 | | |

| | |
|---|---|
| Desse møtte: | Fyresdal: Elise Lauvrak, Ketil O. Kiland<br>Kviteseid: Bjørn Nordskog, Solveig N. Grave<br>Seljord: Sondre Aasan<br>Tokke: Jarand Felland, Tove Palmork Haavelmoen<br>Vinje: Liv Sigrun N. Midtun<br>8 røysteføre representantar<br><br>Elles møtte styreleiar saman med øvrige styremedlem, dagleg leiar og rekneskapsførar (Seljord Rekneskapsservice). |
| Forfall / ikkje møtt: | Erik Skjervagen (meldt forf.), Beate Marie Dahl Eide (meldt forf.), Hallgeir Ofte (meldt forf.), Per Dehli (ikkje møtt), Kjell Magne Grave (meldt forf.), Bjørn Arne Lindskog (meldt forf.) |
| Val av ordstyrar | Jarand Felland |
| Val av personar til protokoll-underskrift | Bjørn Nordskog og Elise Lauvrak |
| | |
| Handsamings-rekkefølgje | Inga avvik jf. utsendt «Møtebok revidera» - sendt representantskapet 03.11.2020 |
| | |
| Saknr. | |
| ***Sak 06-20*** | **Detalj-/rammebudsjett -21 og økonomiplan 2022 – 25**<br>Sjå framlegg til budsjett og økonomiplan i eige vedlegg – vedteke av styret for Renovest IKS i møte den 7. okt. 2020 – sak 14/2020 |
| *Tilråding:* | *Budsjett 2021 og økonomiplan 2022 – 25 vedtakast slik det ligg føre.* |
| **Vedtak:** | **Som tilråding**<br><br>Røystetal: samrøystes |
| | |
| ***Sak 07-20*** | **Selskapsavtale – endring / vedtak gjort i eigarkommunane (komm.styre)** |
| *Saksutgreiing:* | Selskapsavtale – endring / vedtak gjort i representantskapet<br>Representantskapet vedtok i møte den 29.04.2020 – sak 03-20 - revidera utgåve av Selskapsavtale.<br>Vedtak:<br>1. Endring §9 Valnemnd<br>2. Endring §10 Styret – endring gjeld personleg varamedlemsrepresentasjon til rekkefølgjerepresentasjon<br>Røystetal: Samrøystes – pkt. 1. og 2. |

Saka blei vidaresendt kommunestyra i eigarkommunane for endeleg vedtak.

Lov om interkommunale selskap seier:
*§ 4.Selskapsavtale*
For interkommunalt selskap skal det opprettes en skriftlig selskapsavtale. For de enkelte deltakere skal kommunestyret eller fylkestinget selv vedta avtalen. For deltaker som er interkommunalt selskap, vedtas selskapsavtalen av representantskapet. Vedtaket krever tilslutning fra samtlige medlemmer av representantskapet med mindre annet er fastsatt i selskapsavtalen for det deltakende selskap.

Endringer i selskapsavtalen som gjelder forhold som omtalt i tredje ledd, skal skje på samme måte. Andre endringer vedtas av representantskapet med tilslutning fra minst to tredeler av de avgitte stemmer med mindre det er avtalt at også slike endringer skal vedtas i samsvar med regelen i første punktum.

Selskapsavtalen skal i det minste angi følgende:
1. selskapets foretaksnavn;
2. angivelse av deltakerne;
3. selskapets formål;
4. den kommune der selskapet har sitt hovedkontor;
5. antall styremedlemmer;
6. deltakernes innskuddsplikt og plikt til å foreta andre ytelser overfor selskapet;
7. den enkelte deltakers eierandel i selskapet og den enkelte deltakers
8. ansvarsandel i selskapet dersom denne avviker fra eierandelen;
9. antall medlemmer av representantskapet og hvor mange medlemmer den enkelte deltaker oppnevner;
10. annet som etter lov skal fastsettes i selskapsavtalen.

*Vedtak i aktuell sak gjort i eigarkommunane:*

1. Tokke kommune:

MELDING OM VEDTAK / komm.styresak 2020/1750-6
Endring av selskapsavtala for Renovest IKS - *retting av vedtak*
Syner til melding om vedtak av 12.10.20 frå Tokke kommune. Det er funne ein feil i protokollen som gjeld vedtaket i saka om ny selskapsavtale for Renovest IKS.
*Rett vedtak er at Tokke kommunestyre godkjente avtaleforslaget slik det er lagt fram i tråd med rådmannen si innstilling:*
*1. Forslag til ny selskapsavtale for Renovest IKS – jf vedlegg 1 til saka, vert godkjent.*
Renovest kan difor sjå bort i frå melding om vedtak i brev av 12.10.20.

2. Seljord kommune:

Handsaming i Kommunestyret - sak 62/20 av 09.06.2020
Ordførar Beate Marie Dahl Eide (Sp) foreslo å stryke setning 2 i forslag til vedtak.
Rådmannen si tilråding fekk 0 stemmer. Ordføraren sitt forslag vart samrøystes vedteke.
**Vedtak i Seljord kommunestyret - 09.06.2020**
*Kommunestyret godkjenner ny Selskapsavtale for Renovest IKS av 29.4.2020.*

3. Vinje kommune:

Handsaming i Kommunestyret 18.06.2020:
**Framlegget frå formannskapet blei samrøystes vedteke.**
*Vinje kommune godkjenner framlagde endringar til selskapsavtale for Renovest IKS.*

| | |
|---|---|
| | 4. Kviteseid kommune<br>Faktiske tilhøve:<br>Representantskapet i Renovest IKS har ønskje om å endre selskapsavtala. Det er punktet om styre og valnemd som vert endra.<br>Vurdering:<br>Det er naturleg at det saman med revidering av selskapsavtalen vert sett på korleis styret skal vere satt saman, og korleis ein skal kome fram til dette.<br>Det er i tråd med KS sine retningsliner for selskap at det vert oppretta valnemd som har ansvar for å legge fram eit forslag om styresamansetning for representantskapet.<br>**Rådmannen si tilråding:**<br>*Kviteseid kommunestyre godkjenner endringane i selskapsavtala for Renovest IKS, slik dei kjem fram i vedlegg til saka.*<br>Saksprotokoll i Kommunestyret 2019-2023 - 18.06.2020<br>Behandling i møtet:<br>*Rådmannen sin tilråding vart samrøystes vedteke.*<br><br>5. Fyresdal kommune<br>Sak 75/20 – KS 29.10.2020<br>**Innstilling frå rådmannen:**<br>Fyresdal kommune godkjenner *ikkje* forslaget til endring/ revisjon av selskapsavtala for Renovest IKS. Fyresdal kommune vil framleis at §9 i den eksisterande selskapsavtala av 29.04.2019, skal gjelde.<br>Vedtak i Kommunestyret - 29.10.2020<br>**Fyresdal kommune godkjenner ikkje forslaget til endring/ revisjon av selskapsavtala for Renovest IKS. Fyresdal kommune vil framleis at §9 i den eksisterande selskapsavtala av 29.04.2019, skal gjelde.** |
| *Tilråding:* | Ein foreslår avstemming punktvis og i slik rekkefølgje:<br>1. Endring §9 Valnemnd<br>2. Endring §10 Styret – endring gjeld personleg varamedlemsrepresentasjon til rekkefølgjerepresentasjon |
| **Vedtak:** | Endringane (1. og 2.) er ikkje lovpålagte jf. Lov om interkommunale selskap, og i høve denne lov (§4) samt gjeldande selskapsavtale (§21) krevst det 2/3-dels fleirtal for slike endringar i representantskapet.<br>Røystinga blei gjort punktvis jf. tilråding, og omtala endringar i *Selskapsavtala* blei vedtekne slik:<br>**1. Endring §9 Valnemnd**<br>6 røyster for endring<br>2 røyster mot endring<br>**2. Endring §10 Styret – endring gjeld personleg varamedlemsrepresentasjon til rekkefølgjerepresentasjon**<br>6 røyster for endring<br>2 røyster mot endring<br>**Begge endringane oppnådde ¾-dels fleirtal (6 av 8 representantar)** |
| | |
| **Sak 08-20** | **Oppnemning av valnemnd – Renovest IKS** |
| *Saksutgreiing:* | Under føresetnaden om tilslutning frå eigarkommunane, jf. sak 07-20 (over) skal det oppnemnast ei valnemnd for verksemda. |

| | |
|---|---|
| | *§ 9 Valnemnd*<br>*Representantskapet oppnemner ei valnemnd på 3 personar. Valnemnda skal kome med framlegg til samansetjing av styret. I innkalling til representantskapsmøte skal innstilling frå valnemnda leggast ved når nye styremedlemer og varamedlemer skal veljast.* |
| **Tilråding:** | Ingen |
| **Vedtak:** | Som medlem av valnemnd blei valt:<br>***Arild Metveit*** - pensjonert sektorsjef / plan og teknikk, Fyresdal<br>**Jarand Felland** - ordførar Tokke kommune, Dalen<br>**Kristin Larsen** - dagleg leiar Rauland Skisenter, Vinje<br>Som leiar av valnemnda blei valt:<br>**Jarand Felland**<br><br>Røystetal: samrøystes |
| | |
| ***Sak 09-20*** | **Orienteringar** |
| ***Saksutgreiing:*** | a) Framdrift – omstrukturering av hytterenovasjon v/ prosjektleiar Tor Erik Sivertsen<br>b) Dunkløysing hjå hushaldsabonnentar v/ driftsleiar Elsa Ann G. Hauglid |
| | |
| Rett protokoll-utskrift vert hermed stadfesta. | Kvitseseid, den 04.11.2020<br><br>Jarand Felland – Leiar repr.skap / møteleiar<br>Bjørn Nordskog – Medlem repr.skap<br>Elise Lauvrak – Medlem repr.skap<br><br>**Protokollvedlegg:**<br>1. Detalj-/rammebudsjett -21 og økonomiplan 2022 – 25<br>2. Selskapsavtale – revidera den 29.04.2020 |